



ROGALANDS UNGDOMMEN

MELDINGSBLAD FOR BONDEUNGDOMSLAGET I
STAVANGER OG SØR-ROGALAND UNGDOMSLAG

◆ ◆ ◆ „BONDEUNGDOMSLAGET” 22 ÅRGANG ◆ ◆ ◆

Nr. 6

Oktober 1939

1 årg.

Døden i skogen.

*Myrkret sig innover skogen
der eg går ein einsleg veg,
våt av mjuke lauv som klabbar,
so min fot det med seg dreg....*

*Men kva tusslar alle stader,
vassar etter meg og smyg,
slår, so trei lutar redde,
riv, so gule lauvet fyg?*

*Jau, det er nok sjølve døden
som hev heim i skogen no
og er etter alt som lever
med si kvasse, sterke klo!*

*Høyr, no flyg han kring på vengjer,
flakser millom lauv og grein,
so eg kjenner kalde gufset
isa heilt til merg og bein!*

*Trei jamrar sårt og sukker
kvar gong døden slit og riv,
sprikjer ut lik sjuke fingrar
som i lause lufti triv!*

*Lat meg skunda meg frå skogen,
eg hev ikkje heime her
millom alt som dødssjukt hulkar
medan døden hånleg ler....!*

*Sjeli mi er skapt til sumar,
song og ljøs og gleder rein,
millom skogens ljøse stjerner
under glade, grøne grein....!*

Kåre Hognestad.

Bygdebyane våre.

I skrifter og på plakatar som reklamerar for Noreg som turistland, ser me jamt ein skimt av det gamle bondesamfundet: gamle tun, heimgjord bunad som vitnar om høg kunstsans, stavkyrkja og karar og kvinner i brikjande klede i gonga dit, den dundrande dansen, overskot av kjæte og styrke, så det spøkjer for åsar i både golv og tak: det bygdenorske, det sernorske.

Dei som kjem hit, får sjå eit land der industrien gjev arbeid til like mange som jordbruket, og bønder som stort sett har bytt bunaden med moderne klede og naturalhushald med handels-hushald og diverre har lite høve til og ans for å dyrka formsansen sin. Eit vonbrot for ein turist som her ville finna ei still evje i tidarstraumen, utan moteylet og motorbraket. Mange bønder òg, serleg eldre, kjenner det som eit gnagsår at dei «gode, gamle dagar» ikkje er meir. «Gode»? Det er lett vint å minnast dei. Det var verre å leva dei ofte for dei som det gjorde. Noko godt har me vel mist med den utviklinga som har gått for seg, men mykje godt er vunne: Og kva me elles meiner: omskiftet er audsynt, og det går ingen veg attende. Bygdene våre er ikkje avstengde lenger. Dei er komne med i det moderne livet. Omskipinga har gått snøgt, og snøggare etterkvart, økonomisk, sosialt og kulturelt. Dei siste folketeljingane fortel at det etter måten er liten auke i folketalet i reine jordbruks-, skogbruks- og fiskarbygder, stor auke i industribygder (t. d. Odda, Sauda) og forstadsbygder (t. d. Aker, Hetland); men prosentvis endå mange

gonger større er auken i «husansamlinger på landet» som det heiter i statistikken, det vil seia stasjonsbyane, øyrane, skulebyane og liknande bygdebyar. Det var i 1920 mest dobbelt så mykje folk i desse hussamlingane som i 1910, og auken har vara ved sidan. (Straumen frå bygdene til *byane* renn mindre strid. Etter 1926 har folketalet i byane gått ned, både rekna i høve til folketalet i landet og absolutt.)

Desse hussamlingane, bygdebyane eller kva som kan vera høvelegaste namnet, har vakse opp omkring små industrielle tiltak (mange av desse er nå retteleg store vortne), trevarefabrikkar, sagbruk, mekaniske verkstader, spinneverk og hermetikkfabrikkar, eller omkring trafikk-knutepunkt, større skular osv. Dei fekk snart godt vegsamband med bygdene rundt, så fylgde handelsverksemd, den kommunale administrasjonen, bygdebanken o. l.; det eine dreg det andre etter seg. Bygdebyane er såleis tufta på ymse slag verksemd, og dei greidde seg då òg bra i nedgangstida etter storkrigen.

Det har mange stader vore kjekl og stuttsynt strid mellom desse bygdesentra og bygda elles. Men stort sett har motsetningane jamna seg. Bygdebyane er (i motsetning til dei fleste forstads- og industribygder) folka frå næraste bygda omkring. Venskapsband og ætteband kan ha mildna striden. Bygdene har hatt ein god tuktemeister i skattelistene og i rekneskapan for elektrisitetsverka og andre kommunale forretningstiltak. Og folket i bygdebyen, ikkje minst handelsstandet,

← B R Y N E →

Tannlækjar

KIRSTINA TAKLE

Bryne

Kontortid: 9—13 og 16—19

MATSTOVA

Bryne

Open frå 8 — 23

Middag frå 12 — 15

JONAS JØRSTAD

Bryne

Bokhandel — Papirhandel

Stort boklager:

Diktbøker • Spelstykker

Faglitteratur • Skulebøker

Kontor- og trykksaker

BRYNE

ALT

I

MANUFAKTUR

OLAV LINE

Teiknekontor. Byggjeforretning

Bryne

Asbjørn Haalands efft.

Overrettssakfører

ØGLÆND

Bryne

PROSEDYRE • INKASSO

ORDNINGAR

Sal av eigedomar

*DET ER INGEN TING TIL Å
UNDRAST OVER at dei som viser
Rogalands-Ungdomen velvilje med
å lysa i bladet, også vert møtte
med velvilje av dei som les bladet.*

Fotografiapparat og Film.

Vanleg film og pankromatisk film av dei
beste merke.

Framkalling og kopiering.

JONAS JØRSTAD, BRYNE

Fotografisk forretning

Columbia og His Masters Voice grammofonplater.

Ny sending kvar veke.

●
ALT TIL HUSBYGGING

Brødrene Hetland

Bryne

Telefon 36

► BRYNE ♦ SANDNES ◄

**Landbruksmaskinar — Støypegods
Radio og Elektriske varer.**



Lands MASKINFORRETNING

BRYNE

JÆREN PRIVATBANK A/S
B R Y N E

Utanom vanlege bankforretningar sel og kjøper vi innan- og utanlandske sjekkar og ordnar med inkasso på Jæren.

Leiger ut boksar i kvelvet

Skal De ha springvatn?

så kjøp

B. M. V. Automatisk Pumpeanlegg

Varer ein mannsalder • Går stilt • Brukar lite kraft
Treng minimalt tilsyn • Rimeleg pris

Norsk arbeid!

Bryne mek. Verksted A/S - Bryne

Brødrene Fjogstad

Sandnes

Lager av:

Høvla og uhøvla bygningsplankar

Høvla og uhøvla bord

Listverk og snikkarvyrke

Rundvyrke både i større og mindre dimensjonar

Papp • Skifer • Stift • Insulite

Me leverer ferdige hus etter teikning.

PAUL HETLAND A/S

Telefon 448b

SANDNES

Syklar

Sykkeldeler

Vølingar på dagen!

ser òg kor nøye deira interesser er knytte til bygda.

Etter kvart bygdebyane veks, får livet der meir og meir bysvip. Dei materielle føresetnadene er omlag dei same som i byen. Folket i bygdebyen er lønsmottakarar, er varebrukarar, treng jamn tilgang av det som bygda produserar. Dette verkar sterkt attende på det økonomiske livet i bygda, aktiverar det, fremjar pengesirkulasjonen, skundar altså på overgangen frå naturalhushald til handelshushald. Mylna, smia og skomakar-, skreddar- og snikkarstova ligg ikkje lenger på gardane, dei er helst flytte til bygdebyen, og dette dreg i same leid.

Ser me på den meir kulturelle sida av livet i bygdebyen, finn me nok mangt som ein kunne både le og gråta åt: den tankelause etterapinga etter byen i mål og sed, smakløysa, ein uferdig «blandingskultur». Ein saknar det tradisjonsrike kulturlivet og dei kulturinstitusjonane som byane, serleg dei større, byr sine born. Det er syrgjeleg, men sant at det beste frå byen, det verdfulle nye, får bygdene liten del i, medan skrapet, rasket, den mest idiotiske slagaren rek ut over land og strand.

Betre enn å hæda og kritisera «blan-

dingskulturen» er det å skjøna føresetnadene for han, analysere han og arbeida på å gjennomføra eit målmedvite kulturprogram. Dette er ei ovleg viktig oppgåve for bygdestyringa og bygdebyane sjølve, og ikkje minst for bondeungdomslaga.

Sport og dans laurdag og sundag, religiøse møte halve og heile veka, politiske profetar kvart valår, tredjeklasses teaterframsyningar, sveltefora boksamlingar (utan leserom! utan tidskrift) stettar ikkje trongen til åndeleg utvikling, til opplysning og kunnskap hjå den vaknaste delen av ungdomen.

Det er ikkje lett å arbeida i bondeungdomslaga. Nordmannen, serleg bonden, er jamt hjelpelaus i samvær og lag, tung og tøyg, redd for å yta noko, full av mistru til dei som gjer det. Blygskapen og størleiken kan ofte rengja seg til reine «kalveskapen». Så det skal god vilje, god tru og ikkje minst fast plan til skal arbeidet bera frukt. Og det gjer det fyrst når medlemene mannjamt er med og gjer noko. Me må vel vita nokon kvar at me får ikkje noko for inkje? Ikkje tame utan øving, ikkje kunnskap utan studium, ikkje åndskultur utan åndsarbeid. Kultur vinn ein ikkje på tombola.

X.

Leikskeidet i B.ul.

Bondeungdomslaget har hatt eit vellykka leikskeid som varde ei vika, frå 2 til 9 oktober. Det var *Rasmus Hvidsten* frå Bergen som denne gongen styrde med skeidet. Han har vore ein ihuga lagsmann i Bondeungdomslaget

Ervingen i Bergen, har lagt ned mykje arbeid i leikarringen, og har og vore formann i styret for lagsbruka til Ervingen. I fjor vinter var Hvidsten Noregs Ungdomslag sin utsending på ei ferd til Amerika.

Det var fyrste gong Hvidsten var her hjå oss, og han hadde beintfram respekt for å halda skeid her, sa han, for leikarane i Bondeungdomslaget hadde ord for å vera mellom dei beste i landet.

Til vanleg plar det vera forlite gutar som meldar seg til leikskeida i B.u.l. Denne gongen var det helst omvendt. Av dei 60 som var med, var minst halvparten gutar, eit gledeleg tidarteikn, må ein seia.

Det syntte seg at Hvidsten hadde eit godt lag til å få sving på leiken. At det var like mange av kvar slag, gjorde vel og sitt. Trass i at leikeøvingane vart haldne kvar kveld i vika, møtte leikarane mannjamt fram og var ihuga med. Songen vil det som regel alltid skorta på, ein har ikkje bidlund til å

læra teksten. Det er sjølv sagt ein hovudting, og difor burde alle som går på leikskeid kosta på seg ei visebok (Norske Folkedansar utgjeve av Noregs Ungdomslag) og læra teksten til dei visene ein øver inn. På leikesamkoma sundagskvelden var det høve for andre lagsfolk enn leikarane å vera med. Ein hadde då attåt ei kosestund med kaffi og jolebrød. Hvidsten fortalde frå Amerikaferda si, og me fekk ei forvitneleg og morosam skildring, ei oppleving han aldri kom til å gløyma. Formannen i B.u.l., *Vegard Sletten*, takka Hvidsten for han kom hit og ynskte han lukka med arbeidet. Måndagen vart skeidet avslutta, og leikarane syntte si takksemd med å gjeva leikleidaren ei gåva for dei framifrå hugnadsame kveldane. *A. L.*

Idrotten og ungdomsarbeidet.

Er fotball idrott?

For nokre år sidan vart det jamt haldi fram at dei som stod i brodden for det frilynde ungdomsarbeidet kring i landet tok for lite omsyn til idrotten. Den var ein faktor som ingen ansvarleg ungdomsførar kunne sjå bort frå, sa sume. Andre meinte at idrotten ofte kom i vegen for dei store hugmåla og dermed øydde meir enn han bygde opp. Atter andre trudde at det frilynde ungdomsarbeidet og ein sunn idrott måtte kunna samarbeida.

Dette siste synet har vunni meir og meir fram. Og det er venteleg heller ingen tvil om at ein her er inne på den rette vegen: At idrotten må få eit

breidt rom innan den frilyndte ungdomsrørsla.

Men så melder spørsmålet seg: Kva er idrott? Er alt av det slaget like godt? Skal ein t. d. rekna *fotballsporten* for idrott? Her vil me for vår part setja eit stort spørsmålteikn. — For skal ein rekna fotballsport for idrott, kan det ikkje vera tvil om at den frilynde ungdomsrørsla er best faren med å vera den sporten forutan!

Eg for min part har fyrste gongen tilgodes å sjå at det har komi noko godt ut av fotballen. Snarare det motsette.

At denne sporten i seg sjølv er beint fram *ufin* kan truleg ingen nekta. Ein

S A N D N E S



Syklar

i alle prislag

D. B. S.

Den beste sykkel

Tempo

The World

Kamerat

og billigare merke

Øglænds

Tempo Lettvektsmotorsyklar
certifikat- og trygdefrie.

Katalogar vert sende gratis.

JONAS ØGLÆND

SANDNES

Norges største sykkelabrikk

*Skal De
ha gjort noko
røyrleggjararbeid?*

Me monterer drikkekar
og automatiske pumper.
varme- og sanitærverk

Vølingar greier me snøgt
og rimelegt!

GUNNAR LARSEN

Aut. røyrlegger

Telefon 490a

Gimregarden — rett op av Krossen

Sandnes

HØYLAND SPAREBANK

Oprettet 1858


Forvaltningskapital 12 506 952,00 kr. Eigen formue 1 454 585,00 kr.

Mottar innskot til høyeste rente.

Mat?

Gå til

Centralkafeen



**Moderne
automobilverksted**

◆ Komplette lager av deler

Olav Rieber Thorsen

Telefon nr. 99

SANDNES

Kjøp hjå

OLAV SAGLAND
SANDNES

Sjokolade

Tobakk

Frukt

Dresser
Frakker
Kjoler
Kåper

JAKOB IDLAND
Krossen — Sandnes

Kjøp skotyret

hjá
Svend Svendsen
Skotfabrikk - SANDNES

Bøker - Papir
Fyllepennar - Film
Framkalling - Kopiering

Alle slag prentesaker
God og vakker innbinding
til rimeleg pris.

Ingvald Dahle
Sandnes.

Vi fører det beste av

Landbruksmaskinar og reidskap
Vassleingsrøyr, omnar og kaminar

Rogaland Landbruksforretning A.s.
Telefon 241b SANDNES

Allslag
reidskap for gardsdrifti

får De best og billegast

frå

Arnt Risa
Maskinforretning - Sandnes

Hugs bryllaupssongen!

Skriv ein song til venen eller veninna
Dykkar på bryllaupsdagen!
Me mangfaldar alle slag songar for Dykk
Kr. 4,00 for 50 stk., kr. 5,00 for 100 stk.
Send tinging i tide!

Høyland Bok- og Papirhandel A.s.
Gjesdalveien — SANDNES

Klær?

Gå til

Olav Norheim
Sømmegården

fotballkamp er ikkje noko estetisk syn. Å sjå 20 mann, meir og minder vitlause, renna etter ein armings ball — medan hundre eller tusen menneske brølar til — kan umogeleg vera noko oppbyggjeleg syn.

Fotballen vil alltid verta ein sport *av* massen og *for* massen. Det er ikkje fyrst og fremst prestasjonen åt den *einskilde* det spørst etter på eit fotballlag. Men meir den brutale krafta og evna til å sjå kva ein *annan* skulle gjort istadenfor det han gjorde. — —

Og så har me dette med publikumet. Kva er ein fotballkamp utan publikum? Inkje stort. Det viser med andre ord at sporten ikkje er til nåmenær den gleda for spelaren som for glåparen. Spelarane skal vera til hugnad for dei sportsgalne, må vita.

Her ligg nettopp det store skiljet mellom den ufine fotballsporten og den storlagde *fri-idrotten*: Den set i fyrste rekkja kravet til *einskildmannen*. Og for fri-idrottsmannen er visseleg eit sekund eller ein tomme til like stor glede når han er åleine som når hundrevis ser på. Han treng ikkje tonefylgje av ølbassar og hysteriske kvinnfolk.

Når den frilynde ungdomsrørsla såleis kunne velja mellom sport og fri-idrott, burde den siste sjølv sagt koma i framgrunnen. Fri-idrotten har elles den føremonen at dei som driv han ikkje har så lett for å koma bort i det som diverre støtt har dregi sport og idrott nedover: Drykken og det som til den høyrer. Og her spelar fotballsporten atter ein god fyrstefiolin. Fotballklubbane har alt lenge vori namngjetne for framferda si der dei vankar. Folk ombord i rutebåtane veit mykje

å fortelja at det ikkje just er bedemenn som der ferdast.

I det heile kan det sjå ut til at all slag sport og idrott har ei viss evne til å dra ungdommen bort frå dei ting som alltid har vori dei berande idéane i den frilynde ungdomsrørsla: *Arbeidet for god, gamal sed og skikk, for eit norsk mål og eit norskare Noreg*. Samanhengen mellom «riksmål», dans og musikk av den eller hin trioen når alle idrottslaga utover Jæren skal ha festar om laurdagskveldane ligg diverre for mykje opp i dagen. — —

Eg trur serleg fotballen og dei elementa *den* dreg til husar i størst mon har skulda for denne moderne ovringa utover bygdene.

Det er truleg ikkje noko anna venta enn at ein stor part av dei som kjem til å lesa desse linene er usamd i kritikken over fotballen. Men luft meiningane dykkar, godtfolk! Ei av oppgåvene for «Rogalandsungdomen» er å samle ungdommen til saklege ordskifte om aktuelle spørsmål. Og eg trur fotballsporten er sers aktuell for tida.

J. H.



Bernhard Shaw fekk ein dag innbjuding frå ei dame som jamt var på jakt etter namngjetne personar.

«Lady X er heime torsdag mellom klokka 4 og seks», stod det. Forfattern sende kortet attende. Nedst på det hadde han skrive: «Mr. Bernhard Shaw også.»

(«Readers Digest» okt. 1939.)

Lagsfolk i Bondeungdomslaget 1938.

Heiderslagsmenn:

Fabrikkeigar Gunnar Løvik.
Lærer Magnus Våge.

Betalande:

Amundsen, Janny, Stavanger	Fundingsland, Agnes, Hjelmeland
Are, Inge, Stavanger	Furunes, Olai, Haalandsdal
Askvik, Olav, Jelsa	Gimre, Rasmine, Høyland
Austvold, Johs., Høyland	Gudmundsen, Tila, Stavanger
Austvold, Liva, Hetland	Haga, Trygve, Høyland
Akre, Borgny, Stavanger	Hamre, Olav, Ølen
Berge, Olav, Strand	Hamre, Olga, Eigersund
Berge, Elisabeth, Klepp	Hansson, Aagoth, Hjelmeland
Bø, Lars, Stavanger	Hatleskog, Margit, Stavanger
Bø, Bergit, Hetland	Hatteland, Carl, Vats
Bjørheim, Lars, Strand	Hatteland, Berta, Årdal
Bjørheim, Margit, Høle	Hatteland, Johs., Vats
Borrevik, B. J., Stord	Hatteland, Tora, Stavanger
Borrevik, Mikkjel L., Stord	Helgeland, Kristine, Høyland
Bærheim, Kristian, Stavanger	Hiim, Otto, Sand
Brommeland, Erling, Sand	Hodnesdal, Bergliot, Hetland
Brommeland, Hjørdis, Stavanger	Holthe, Karina, Vikedal
Baarholm, Alma	Houen, Harald, Voss
Bakke, Bertha, Høle	Houen, Helena G., Larvik
Baardsen, Julius, Sand	Hovden, Bjarne, Lyse Kloster
Børsheim, Bjarne, Klepp	Husebø, Nelly, Hetland
Borsheim, Oscar, Klepp	Ims, Kristine, Høle
Clementsén, Thomas, Stavanger	Joachimsen, Marie, Stavanger
Bjortveit, Gudrun, Stavanger	Johnsen, Ingrid, Madla
Dagsland, Sigv., Skjold	Johnsen, Lars, Sand
Eide, Leidulf, Sand	Klovning, R. G., Utsira
Evertsen, R., Stavanger	Kristiansen, Karl, Håland
Evertsen, Martha, Vats	Kvadsheim, Einar, Stavanger
Eikeland, Ingeleiv, Vats	Krogh, Bernh., Sandeid
Eikeland, Sigv., Stord	Krogh, Selma, Stavanger
Enoksen, Madel, Ølen	Knutsen, Sigurd, Farsund
Eskeland, Arnulf, Stavanger	Knutsen, Dagfrid, Stavanger
Espedal, Alv, Forsand	Karlsen, Georg, Stavanger
Espedal, Rakel, Hetland	Lampe, Elisabeth, Kristiansand S.
Espedal, Tor, Hetland	Løvik, Anders, Vikedal
Fossand, Osm., Forsand	Løvik, Haakon, Stavanger
Fisketjøn, Borghild, Suldal	Lerang, Jakob, Hetland
Folkvord, Borghild, Høyland	Lyse, A. S., Forsand
Fjelland, Edv., Halsnøy	Ledaal, Edv., Hetland
Foldøy, Ola, Jelsa	Ledaal, Bjarne, Hetland
	Levik, Olav, Forsand



SOMA

ved Filmteatret

Forlovelsesringer

Billigste priser!
Største utvalg

*Frukt
Tobakk
Cigarar*

Alltid gode varor

OLAV HAMRE

Telefon 3440

Nytorget 5

Kåpe- og Kjolesøm

utføres

Nelly Husebø

Telefon 4232

Laugmandsgata 4

**Kjøp BØKER
OG
PAPIR**

i NYGATEN 2
øverste hjørnehus

K. OPSANGER

BOKHANDEL — PAPIRFORRETNING

ANDVAKE Det går framleies godt og jamt framover med Andvake. Målfolket i Rogaland som andre stader i landet, bør difor samla seg um Andvake når det gjeld alle former for livstrygding.

Umbodsmenn i Stavanger:

lærer Magnus Vaage, Wesselsgt. 32
skuleinspektør Øystein Eskeland
frk. Gunhild Bjerkreim, Suldalsgt. 12
kontormann L. Torgersen, Kampenegt. 4
gartnar Sverre Steinsvoll, Paradis 76
forretningsfører Ingvaldstad, Brønngt. 28

Det er venteleg tenleg for Dykk å høyra med ein av dei fyrr De tek avgjerd um livstrygding.

Frue Meieri

Norges største meieri.

STAVANGER

Overrettssakførarane
Ueland og Våland
Stavanger

Stavanger
Colonialforretning

har byens beste
brendte kaffe

VAALAND
DAMPBAKERI
(G. Sønneland)

Musegaten 46 — Telefon 1810f
Utsalg:
Skolegaten 17 — Telefon 3520

A. Mauland A/s
Klostergården - Telef. 2645

Elektrisk Forretning
Radioapparater



Engelsmindegaten 15 - Telefon 311
Lars Bø

Elektrisk
installasjonsforretning

Ingi gáva

pryder

som blomar frå

Blomstechallen

Belysningskunst



Cicelør - Verkstad Hetlandsgt. 45

Ingeleiv Eikeland

Syforretning

Kyrkjegt. 18 - Telefon 3594

Kjole- og kåpesaum

Godt arbeid!
Rimelege prisar og
alt i nyaste snitt.

Lunde, Tomas, Gaular, Sunnfj.
 Meland, Korn., Suldal
 Meland, Kari Arnestad, Hetland
 Maaland, Andr., Sand
 Maaland, Endre, Årdal
 Mauland, Andr., Time
 Molaug, Peter, Hetland
 Molaug, Sigm., Hetland
 Molaug, Bergit, Hetland
 Molaug, Einar, Hetland
 Molaug, Olga, Hetland
 Molaug, Signy, Hetland
 Moluff, Gundhild, Forsand
 Moe, Jan M., Hardanger
 Myhre, Karl, Forsand
 Njølstad, Nicolai, Nærbo
 Njølstad, Marie, Lyngdal
 Nordaker, Einar, Nedstrand
 Nærheim, Ole, Sand
 Nærheim, Margrethe, Bokn
 Nævdal, Olav, Lindaas
 Nygaard, Thorstein, Hetland
 Nygaard, Dorteia, Hetland
 Nes, Sigurd, Sand
 Næshem, Magna, Sand
 Nesvik, Th. Johansen, Hj. land
 Nesvik, Bernh., Hjelmeland
 Osmundsen, Signe Elise, Stavanger
 Osland, Ketil, Høyland
 Osland, Bergit, Hardanger
 Olsen, Eldbjørg, Mjaanes, Sogn
 Oliverson, Otto, Høyland
 Resi, O. E., Hetland
 Randaberg, Toralf, Randaberg
 Raugstad, Willy, Hetland
 Ree, Antøn, Hetland
 Reed, Gyda, Tjensvoll
 Roaldkvam, Hallvard, Suldal
 Risvold, Klara, Stavanger
 Risvold, Olga, Stavanger
 Risvoll, Lars, Nærbo
 Risvoll, Ingrid O., Suldal
 Rommetveit, Olav, Stord
 Ryen, Erik, Ølen
 Ryen, Julie, Ølen
 Sekse, Per, Hardanger
 Sekse, Marie, Håland
 Staurland, Peder, Fister
 Sigvaldsen, Sønøve, Stavanger
 Sæland, Martin, Time
 Stangeland, Bjarne V., Håland
 Sletten, Klaus, Lindås
 Sletten, Vegard, Oslo
 Sletten, Sønøve, Stavanger
 Skjærpe, Brynjulf, Time
 Selvik, Alv Edv., Høle
 Selvik, Elfrid, Stavanger
 Sørhus, Sjur, Vats
 Saltvold, Ragnhild, Sand
 Sirnes, Nelly, Stavanger
 Skiftun, Gudm., Hjelmeland
 Steinsvold, Sverre, Romsdal
 Særheim, Peder, Klepp
 Talgø, Sølga, Stavanger
 Thomassen, Thv. E., Stavanger
 Thomsen, Sophus, Fister
 Thomsen, Johanna, Fister
 Tjensvold, Astrid, Hetland
 Tjessem, Trygve, Høyland
 Tjessem, Alfa, Stavanger
 Takle, Harald, Årdal i Sogn
 Ueland, Erling, Heskestad
 Vatndal, Olene, Skånevik
 Vestbø, O. A., Sandeid
 Vestbø, Anna, Finnøy
 Vetrhus, Ola, Suldal
 Vetrhus, Marie, Sunnfjord
 Viste, Knut, Randaberg
 Woll, Lars, Klepp
 Woll, Johanne, Klepp
 Vaage, Arna, Hadeland
 Vaage, Olaus, Hetland
 Vaage, Torgils, Erfjord
 Vaage, Frida, Hardanger
 Vaagen, Øystein, Stavanger
 Wignæs, Tora, Finnøy
 Wølstad, Kaare, Hetland
 Øvrebø, Hans Chr., Nedstrand
 Østhus, Johan, Rennesøy
 Østebø, J., Sand
 Aabø, Knut, Hetland
 Aabø, Sevr., Sauda
 Aanestad, Guri, Varhaug
 Aanestad, Ola, Stavanger
 Aanestad, Martha, Stavanger
 Aanestad, O. J., Varhaug
 Aarhus, Ragnhild, Suldal

Saklista for B.ul.:

Torsdag 5 oktober: Tri lagsfolk fortel frå årsmøtet i Noregs Ungdomslag og frå stemna i Stockholm, film.

Sundag 15 oktober: Leikesamkoma.

Torsdag 19 oktober: Foredrag av stortingsmann K. K. Kleppe: Holland med ljosbilete.

Torsdag 26 oktober: Leikemøte, Bondeguten, opplesing, kaffi. Inngongspengar kr. 0,50.

Sundag 29 og tysdag 31 oktober: Marknadstilstellingar.

Torsdag 2 november: Festmøte, talar, song o. a. Hetland Mållag vert innbede.

◆ Lagsmeldingar.

Time Nye Ungdomslag

hadde årsmøte laurdag den 21 oktober. Frammøtet var dårleg.

Lærar Barkved, Bryne, heldt foredrag om «Guten som døyvde trollet». Det var eit godt og interessant foredrag, som mange fleire burde høyrte.

Ut or styret gjekk Rakel Digernes, Johanna Carlsen Selvåg, Johannes Fotland. Den siste sa frå seg attval. Nye styreslemer: Ragna Kartevoll, Rakel Digernes, Ingolv Time.

Styret ser nå såleis ut: Ragna Kartevoll, Rakel Digernes, Nils Harry Oma, Torkell Norheim, Ingolv Time.

Formannen, Torkell Norheim, hadde sagt frå seg attval, og i staden vart vald Ingolv Time.

Til kasserar vart vald Johannes Fotland. Ettersynsmenn: Arne Bryne, Norheim og Harald Time.

Tidlegare har det vori såleis i laget at bladstyraren har vorti vald for kvart møte. Nå vart det vald åtte stykke som skulle ha lagsbladet etter

tur: Ellen Oma, Ådne Kartevoll, Karl Norheim Digernes, Ingrid Time, Jostein Hinnaland, Rakel Digernes, Alf Bryne og Kristi Kartevoll.

Laurdag den 4 november skal det vera årsfest i laget. August Skjerpe skal halda festtale. Ellen Oma har bladet. Elles vert det musikk, leik og ymse anna.

R. D.



Siden 1879:
Den beste
plog
som har gåt
i norsk jord.

Kverneland


Plogane våre har i ein mannsalder merkt seg ut med lett og stø gang, traustleik og ein uvanleg slitestyrke.

Berre det beste er godt nok. — Kjøp Kverneland sine plogar!

KVERNELANDS FABRIK
KVERNELAND

53 KVERNELAND 1927

STAVANGER



*På kjøretøiet
skal storfolk kjennes. Kjør*
SVITHUN SYKKEL

MASKINHUSET A/S
Bredgt. 9, Stavanger

Største utvalg i
Spaser-, Sports-
og Arbeids . . .

Skotøi

Dame, herre og barn i alle prislag.

Landets beste fabrikker
Yderst lave priser
Best - billigst.
En detail- en gros

O. THORSNÆS

STAVANGER
KIRKEGATEN 42 TELEFON 3690

A. IDSØE

Telefon . . 102 - 458
Rikstelefon 3020 - 3089

*Byens største Kjøtt-
og Pølseforretning*

Etablert 1828

Parafin
hengelampor
Elektriske
ljosekronor

J. ØSTEBØ

STAVANGER
Verksgt. 2 - Telefon 1873

Steinty
Postelin
Glasvaror

En gros - En detail

ALT I

HEILNORSK GARN

Rogalandsgarn • Tvinggarn • Glitregarn • Gretegarn
Norgesgarn • Plantef. garn • Slumregarn

ROGALAND/ULLVARELAG
BREDGATA 16

Godt drikka!

Løna med fleire medaljor



Hjå meg kann De få kjøpa

BRUS • SELTERS • FARRIS
SØT OG SUR SAFT • EPLESAFT
VYRTERØL • IDUN EDDIK OG SENEP

GUNNAR LØVIK

Kongsgata 36 - Telefonar 727k, 228



**Garantien for
god margarin!**



1/3 MARGARINCENTRALEN